

Folkemusikk-jentene kjem imorgon

27.04.2012

Det er imorgon kveld folkemusikk-jentene Åshild Vetrhus frå Suldal, Irene Tillung frå Voss og Jorun Marie Kvernberg frå Fræna held konsert i Dønhaugkjedlaren.

Konserten er på eit vis historisk, for det er fyrste gongen det blir presentert denne type musikk på Dønhaug. Difor er det ein viss spenning rundt oppslutnaden.

Som det går fram av biletet spelar Irene trkkspel eller rettare akkordeon, og Jorun Marie fele. Åshild syng i likheit med dei andre to og trakterar klokkespel.

Tindra som trioën kallar seg har fire CD-ar bak seg og no spelar dei frå albumet som kom ut i fjor og som heiter Mor Norge. Det er gamalt tradisjonsstoff frå Rogaland i ein bearbeida form vi får høyra.

Og kvifor ikkje oppleve ein annleis konsert?

Av Ola Matti Mathisen